
Partneravtale mellom
UNITED FUTURE LAB NORWAY

og

«Partnernavn»

1 Formål og verkeområde

Denne avtalen er inngått mellom partane med bakgrunn i behovet for å få fart på berekraftig by- og samfunnsutvikling ved at partane i avtalen skal samarbeide om smarte og berekraftige prosjekt i United Future Lab, heretter kalla Framtidslaben.

U4SSC ip (United for Smart Sustainable Cities Implementation Programme) er FN sitt implementeringsprogram for berekraftsmåla i verdas byar. Framtidslaben er ein samarbeidsarena og eit nettverk av partarar frå akademia, offentleg sektor, interesseorganisasjonar og privat næringsliv. Framtidslaben er ein tverrfagleg og nettverksbasert organisasjon der partane er ein del av verdas største nettverk for smarte og berekraftige byar, U4SSC.

Gjennom denne avtalen bekrefter partane at dei skal bidra til å realisere målet med Framtidslaben slik det står i **vedlegget**: «Målsetting og fokusområde 2021».

2 Partanes ansvar, bidrag og gevinst

Vedlegget setter dei overordna rammene for arbeidet ved Framtidslaben. Partane forpliktar seg til å jobbe aktivt med å integrere berekraft i eiga verksemd.

Ålesund kommune er ansvarlig for drifta av Framtidslaben slik det står i vedlegget. Dette innebærer blant anna ansvar for:

- Lokaliteter
- Stillingsressursar til fasilitering av aktivitetar ved framtidslaben.
- Digital samarbeidsplattform.
- Med vidare.

Partnerane i Framtidslaben kan mellom anna nytte godt av følgjande:

- Deltaking i verdas største nettverk for smarte og berekraftige byar (U4SSC ip).
- Deltaking i ein tverrfagleg og nettverksbasert organisasjon knytt til forskning og utvikling.
- Involvering i strategiske prosessar for berekraftig utvikling lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt.

- Konferansar og kurs knytta til smart og berekraftig by- og samfunnsutvikling.
- Moglegheit til å vise fram sine smarte og bærekraftige løysingar gjennom Framtidslaben og kommunikasjonen knytt til laben.
- Free-seating arbeidsplassar i Framtidslaben.
- Møteromsfasilitetar.
- Moglegheit for å bruke Framtidslaben som prosjektkontor for smarte og berekraftige prosjekt.
- Samarbeid med andre partnarar og tilgang til det dei deler i laben.
- Moglegheit til å profilere at ein er partnar i Framtidslaben og bruke Framtidslabens visuelle profil for dette.
- Moglegheit til å delta i innbyggjarretta samhandling som skjer i regi av Framtidslaben.
- Gjennom partnerskapet får partnarar tilgang til demo og testing av verktøyet «digital tvilling». Ved behov for særlege tilpasningar og bruk må det inngås separat avtale med OSC. Framtidslaben stiller relevant data tilgjengelig for demo/testing gjennom Usability Lab, samt veiledning nyttet til datagrunnlag og visualisering.

Som partnar i Framtidslaben vil «Partnernavn» bidra til labens drift med det følgande:

- «Bidrag»

3 Organisering av Framtidslaben

Ålesund kommune sitt team ved Framtidslaben koordinerer den daglege drifta av laben.

Partnarane stiller med minst ein representant som er aktivt med i partnerskapet ved Framtidslaben.

Partnarane har valgt ti representantar til Framtidsrådet, som gir råd til administrasjonen av Framtidslaben. Mandatet for Framtidsrådet knyttast til strategi og utvikling av framtidslaben.

Faste arbeidsteam blir satt ned med bakgrunn i strategien som er utvikla for Framtidslaben.

Informasjon og dialog mellom partane i samarbeidet skal skje fortløpande gjennom fysiske møter og ein digital plattform for samhandling.

2020 er første ordinære driftsår for Framtidslaben, og det vil bli gjennomført ei evaluering av Framtidslabens organisering. Dette kan også medføre endringar i avtalane med partane.

4 Økonomi og forpliktingar knytt til bruk av framtidslaben

Ålesund kommune fasiliterar drifta av framtidslaben. Økonomisk baseres drifta på at dei ulike partnarane bidrar, enten økonomisk eller ved at utstyr eller tenester stillast til disposisjon på laben.

På bakgrunn i avtalte vilkår under punkt 3, vil Ålesund kommune fakturere «Partnernavn» årlege partnarbidrag på kroner «KronebidragTXT»

Partnerbidrag blir krevd inn frå og med første ordinære driftsår som er 2020. Beløpet fakturerast etter avtaleinngåing med 30 dagars betalingsfrist, og deretter årleg. Beløpet blir justert årleg i samsvar med SSBs konsumprisindeks. Merverdiavgift vil tilkomme beløpa i denne avtalen.

Partane må sjølve sørge for nødvendige forsikringar for sine tilsette, verdiar som oppbevares i laben, og eventuell ansvarsforsikring.

Partnarar som stiller utstyr/tenester til disposisjon som eit partnerbidrag vil framleis stå som eigar/ansvarleg for dette, og beheld risikoen knytt til utstyret/tenesten. Utstyr/tenester skal normalt

vere tilgjengelig og operativt over ei periode på tre år, med mindre noko anna er avtalt. Dersom partnaren trekkjer seg ut av samarbeidet skal partane i avtalen her bli einige om eventuell vidare bruk av utstyr/teneste. Utgangspunktet som ligg til grunn er eit partnerbidrag på 100 000 kroner per år eller tilsvarande i form av utstyr/teneste (med mindre anna er avtalt under punkt 2).

Ålesund kommune og Framtidslaben følger anskaffelsesregelverket i alle anskaffelser. For anskaffelser etter FOA Del I (100 000 – 1,3 MNOK) skal partnarar som hovudregel forespørrast som ein av fleire leverandørar dersom dette er relevant for det som skal anskaffes. Partnarar må derfor levere ei oversikt over kva områder dei ønsker å levere tilbod på.

Som leigetakar av lokala for Framtidslaben ved NMK, har Ålesund kommune alminnelege forplikingar ovenfor utleigar av lokala. Desse vil bli tatt inn som reglar for laben som partane vil måtte følgje. Ved behov vil det bli inngått eigne avtalar knytt til partanes aktiviteteter ved laben.

5 Varigheit

Avtalen gjeld fram til den blir skriftleg sagt opp av ein av partane, med tre månadar oppseiingsfrist.

6 Andre forhold

«AndreForhold»

Dato:

For United Future Lab Norway

For «Partnernavn»

Org. nr: «Organisasjonsnummer»

Marielle Furnes Mannseth

Dagleg leiar

Vedlegg: «Målsetting og fokusområde 2021»